



Årsmelding for Kyrkjetunet 2011.

Årsmøte for 2010 vart halde på Kyrkjetunet 20. februar 2011. Det var 26 medlemmer tilstades. Arne Borgemyr heldt andakt og stilte spørsmålet: Kvifor går me på Kyrkjetunet og til andre møte i kristen samanheng? Det er eit mysterium for dei som ikkje trur. Borgemyr peika på at det er Guds ande som har vist oss Guds nåde til frelse. Denne openberringa har skapt ei interesse for å høyra meir og ein lidenskap til å tena Gud. For å ta vare på denne lidenskapen er det viktig å koma saman og dela Guds ord og setja mot i kvarandre. I denne samanheng er Kyrkjetunet og andre møteplassar viktige for å ta vare på trua og vera eit kraftsenter til å dela trua med fleire.

Val. Magne Østvold gjekk ut av styret etter 6 års teneste. Vidare var Olav Granberg på val i år. Ida Tvedt som i fjor vart vald for 2 år har av ulike årsaker bedd seg fritatt frå vervet. Olav Granberg, Åse Heggen og John Birger Wold vart valde som nye styremedlemer.

Årsmøte valde Lars Dalen til leiar i styret. Siv Heidi Eidsheim vart valt til 1. vara og Olav Osaland til 2. vara. 1. vara møter fast på styremøta.

Styret har i 2011 vore samansett slik:

Leiar: Lars Dalen.

Nestleiar: Olav Granberg.

Sekretær: John Birger Wold

Styremedlem: Åse Heggen

Styremedlem: Yngvild Lunde Carnerø (Ho fekk tidleg mammapermisjon i vervet og Siv Heidi Eidsheim har vore fast styremedlem det meste av året).

Soknerådet har i 2011 ikkje hatt nokon representant i styret, men frå 2012 har Mattis Gravelseter vore soknerådet sin representant i styret.

Revisor: Deloitte AS (Inter-Revisjon AS har fusjonert med Deloitte AS og endra namn, men me har same saksbehandlar som før, Nils Fjelland)

Valnemd: Liv Herborg Wold, Magne Østvold og Geir Helge Osaland

Det nye styret fordelte nokre av dei andre oppgåvene slik :

- Kasserarfunksjonen: Lars Dalen fungerer som kasserar, men får hjelp av Kjetil Espeland til bokføring, fakturering m.m..
- Utleige: Åse Heggen.
- Hus / teknisk / vaktmester (praktisk): Olav Granberg.

Styret har hatt 10 styremøte og handsama 73 saker.

Styret har valt å halde fram med dei same undergruppene som føregåande år:

Programnemd: Liv Herborg Wold, John Birger Wold, Lars Dalen, og Siv Heidi Eidsheim har vore med i denne gruppa. Liv Herborg Wold er leiar. Gruppa drøftar saker som gjeld den åndelege

verksemda på huset og kjem med framlegg til styret om ulike møte/arrangement. I tillegg har gruppa hatt ansvaret for og gjennomført ulike arrangement.

Økonominemnd: Ole Agnar Aadland, Kjell Stokke, Geir Helge Osaland og Olav Granberg er i denne nemda. Dei har hatt ansvar for og gjennomført vårbasaren og lotteri i samband med Kyrkjetundagane. Dette har tilsaman gitt eit resultat på omlag kr 60.000. Dei har også sendt ut skriv og tatt kontakt med bedrifter i Ølen/Ølensvåg om sponing. Kyrkjetunet har i 2011 mottatt kr 45.750 i gåver frå ulike bedrifter. Skriv til medlemmer om gjevarteneste og tilskot til vasking har også økonominemda sendt ut og presentert på Kyrkjetundagen. Gjevartenesta frå medlemmer og andre privatpersonar blei i 2011 kr 87.500, og tilskot til reinhald kr16.100.

Marknadsnemnd: Signe Bukkholm, Kjell Stokke, Aud Wenche Klungland, Helga Risøy, Leiv Karsten Medhaug, Ingrid Hole og Randi Dalen. Marknaden vart, som tidlegare år, gjennomført på Ølen vidaregåande skule på ein flott måte og med eit godt økonomisk resultat – omlag kr 70.000 (ekskludert haustlotteriet og komlemiddag). På søndag var det også i år komlemiddag. Eit populært tiltak der mange møtte opp.

Dugnadsgruppe: Harald Heggen og Olav Granberg er sentrale i denne nemda. Utanom vanleg vedlikehald inne og ute har omorganisering i skuffer og skap for ulike aktivitetar blitt gjennomført. Av tunge ting i 2011 kan nemnast at det er bygd overbygg over altandør og vindu på altan. Altanen er utvida. Under altanen er det blitt tett tak og bordkledd yttervegg. Samt oppsett sikringsgelender på muren. Med dette har me fått tak over redskapsbod og dør oppe og nede er meir skåna for ver og vind. Lekkasje i ventilasjonsrom er forsøkt stoppa. I hovudsal og litlesal er golvet slipt og lakka. Veggene er også malte. Varmepumpe nr 2 i hovudsal er også montert. Nytt skilt er kome opp utanfor huset. Skiltkostnaden vart dekkja av ei gåve. Harald Heggen fungerer som vaktmeister og han passar på huset på ein svært god måte.

Kjøkkengruppe: Gruppa har blitt leia av Åse Heggen med god hjelp av Solveig Haugen og Anne Line Granberg. Åse har organisert kjøkkenpersonell i samband med servering til minnemøte og kursverksemd. I løpet av hausten har kjøkkengruppa fått fleire nye personar. Gruppa gjer ein flott dugnadsinnsats som gir god inntekt til huset.

Frå verksemda på huset dette året vil me elles framheva:

Barnearbeid : Barnekoret «Kids of Joy» og Klubben fyller huset annakvar tysdag. Desse har aktivitetar for aldersgruppene mellom 5 og 13 år. Omlag 50 deltek på desse aktivitetane.

Familiearbeid : F-16 er ei familiesamling med opplegg for både barn og vaksne. Eit flott tilbod som har vore gjennomført omlag ein gong i månaden. Målet er at unge og vaksne saman skal få ta opp tema om tru og kristenliv. Mellom 40 og 80 personar har deltatt.

Vaksenarbeid : Det er fleire ulike møteformer som eigentleg er mynta på alle, men som det i praksis er mest framme av dei over 40 år. Dei ulike misjonsorganisasjonane har hatt fleire møte på huset i løpet av året. Bønn har vore temaet for haustsemesteret og torsdagsmøta med tema BØNN med Elin og Odd Gjerde var gode opplevingar for fellesskapet.

Kvar onsdag har det vore mellom 6 og 10 personar til **bønnesamling** på loftet. Huset har og blitt nytta fast til **konfirmantundervisning, soknerådsmøte, kvinneforum, mannsforum, torsdagstreff** for eldre, og **babysong** på føremiddagen ein dag i veka. Det har og vore brukt til kyrkjekaffi.

Av svært vellukka einskildarrangement vil me nemna:

- Opningsfesten som hadde tema om ein føregangsmann i det kristne arbeidet i bygda: Knut Strømø. Mange av etterkomarane hans og mange andre møtte fram. Det vart ein annsleis, men svært vellukka fest.
- Songkvelden ved Ole Agnar Aadland, som var ei flott samling.
- Dugnadsfesten som samla mange av dei som gjer dugnad på huset. Dette bør verta ein årleg tradisjon.

Utleige: Huset har også i år vore mykje utleigt til minnemøte, kurs og ulike private arrangement. Dette gir gode inntekter til huset.

Nådde me måla for 2011 ?

Ved årets slutt er det alltid rett å stilla seg spørsmålet om me nådde dei måla me sette oss.

- Når det gjeld praktiske ting som drift av huset, vedlikehald, økonomi m.m., kan me konkludera med at dette har fungert bra. Huset fungerer slik at dei ulike leigetakarane er godt fornøgde med å bruka huset.
- Det åndelege arbeidet på huset har vore aktivt og mange har vore innom.
- F-16 har etter fleire år funne si form og det er bra frammøte. Dette er vorte eit godt innarbeidd tiltak som samlar foreldre og barn på ein fin måte.
- Klubb- og korarbeidet er også i god gjenge med mange innom.
- Det er elles mange «vanlege» møte på huset. Desse møta har mykje å gi, men me har ikkje lukkast slik me ønskte med å få eit høgare frammøte.
- Me har elles hatt eit mål om å organisera meir arbeid i smågrupper. Me trur det er viktig at alle har små, men trygge fora til å utvikla tru og teneste i. Det er mange smågrupper i aktivitet, men me veit og at mange ikkje har tilbud om slike. Me har ikkje lukkast med å gi desse eit tilbud.

Kva mål har me for 2012 ?

- Ta vare på dei aktivitetane som fungerer godt og støtta opp om desse, slik at dei kan utvikla seg vidare.
- Ha allsidig aktivitet slik at det vert noko for alle aldersgrupper.
- Det er ei utfordring å få fleire til å koma på dei «vanlege» møta. Dette kan me betra med ein kombinasjon av betre kunngjering av møta og ved at me vert flinkare til å invitera til møta ved personleg kontakt.
- Få til ein årleg tradisjon med weekend og dugnadsfest i tillegg til dei «tradisjonane» me har frå før.
- Ha årlege større møte/arrangement med besøk av personar som t.d. Karsten Isachsen
- Få fleire medlemmer.

Frå styret vil vi rette stor takk til alle som på ulike område gjer ein innsats for Kyrkjetunet. Måtte det vera vår bøn at det arbeidet me her står saman om, må føre til at fleire menneske møter Jesus og blir utfordra til teneste.

Ølen, 01.02.12

Lars Dalen

Olav Granberg

John Birger Wold

Åse Heggen

Siv Heidi Eidsheim

Mattis Gravelsæter